



**SVER**  
*FRUEN*

TEKSTAR: VIDAR BERGE

# KJOSTADLEK

## «BERGMANNSTRØYST»

Kroppen er tung.

Håret, nasen, augo er berre støv.  
Støv, kopar og sprukne hender  
rundt sleggeskraft  
og ein arbeidsdag  
som endeleg er til ende.

Frå avgrunnen slepar eg meg  
og søker ljoset der oppe  
går ut og det er kaldt  
går etter lyden og  
lyden lyfter meg  
no er eg heilt nær!  
no er eg varm!  
no er eg kåt!  
no er eg fri!

6. ST. CROIX (BERGE/MJELVA)  
St. Croix is a Caribbean island  
but also a lovely cultural house  
in Fredrikstad, Norway. You're  
always welcome there, and the  
audience is wonderful.

7. AKKAR (MJELVA)  
Beware of the waltz! It might seem  
like an innocent dance at first,  
but once you're caught in her  
arms, there is no escape. Ever.

8. PANG! (MJELVA)  
Somehow this tune seems to propel  
the audience into indecent  
behaviour. So if you really must  
take off your underwear and throw  
onto the stage, make sure it is  
bought from the official Sver shop.

9. FJOMPEN (LINELL)  
Jens wrote this to all the twits  
around, giving colour to our  
lives!

10. JONAS' MINNE (MJELVA)  
In memory of the great fiddler  
Jonas Olsson from Hälsingland,  
Sweden.

11. KØMMEN FRÅ KONGSVINGER/  
KONGO FEAT. KNUT REIERSRUD  
(TRAD. POLS FROM RØROS/SVER)  
A traditional pols with a slight  
twist at the end, featuring  
legendary Knut Reiersrud on the  
electric guitar.

### SVER:

VIDAR BERGE: ACOUSTIC GUITARS & MANDOLA  
ANDERS HALL: FIDDLE & VIOLA  
JENS LINELL: PERCUSSION & SYNTH  
OLAV LUKEENGÅRD MJELVA: FIDDLE & HARDANGER-FIDDLE  
LEIF INGVAR RANØIEN: TWO-ROW ACCORDION

#### 1. KJOSTADLEK

(TRAD. POLS FROM RØROS)

The history of Røros is linked to the copper mines: they were developed in the 17th century and exploited for 333 years until 1977. Now, as then, nothing's like a pols to escape from the everyday struggle.

#### 2. FRUEN (MJELVA)

Olav has written quite a few of the tunes for this album. This party-hit is a celebration to youth and the occupation of all man: women!

#### 3. STORHURVEN

(TRAD. POLS FROM RØROS)

The slightly asymmetric 3/4-groove of the pols from Røros is highly addictive to both dancers and musicians.

#### 4. FOSSEGRIMEN

(TRAD. HALLING FROM TELEMARK)

Fossegrimen lives in a waterfall. He can teach you how to play the fiddle if you secretly show up four Thursdays in a row and bring a stolen piece of meat. Where is the moral in mythical creatures nowadays?

#### 5. GORRLAUS GANGAR

(TRAD. GANGAR FROM SETESDAL,  
LEARNT FROM TOM WILLY RUSTAD)

With their heavy, repetitive groove, these tunes are known to put the performer into a neverending ecstasy. The only way to stop the music is to cut the strings on the fiddle. Please do not attempt this at any concerts with Sver!

# FRUEN

Dei endar sjølvsgåt alle opp som fruer til slutt. Men før det.  
Før det, reiser dei på festival, dansar og drikk,  
er vakne heile natta og  
lærer slikt det ikkje blir undervist i på skulen,  
og sjølv om det er  
fyrste gong, gjer dei alt som om det er  
siste gong og dei  
hoppar i takt med musikken  
kastar på hovudet  
slik at det lange håret flagrar vilt frå side til side og er  
i eitt med takta, spelemannen, rommet.

# STORHURVEN

## «LOGIKK PÅ RØROS»

Av fire «hurvar» frå Røros, er *ikkje*:

Litjhurven minst  
Millomhurven litt større  
Storhurven størst  
I tillegg er det ingen som heilt kan garantere  
at Gammelhurven er eldst.

### SVER:

VIDAR BERGE: AKUSTISKE GITRAR & MANDOLA  
ANDERS HALL: FELE & BRATSJ  
JENS LINELL: PERKUSJON & SYNTH  
OLAV LUKSENGÅRD MJELVA: FELE & HARDINGFELE  
LEIF INGVAR RANØIEN: TORADAR  
Gjesteartist: Knut Reiersrud, el-gitar

Alle arrangement: SVER

Denne tallerk er innspelt hjå Musikkloftet AS, Oslo 22.-24. mars 2010.

Lydteknikar: Vidar Lunden  
Produsent: Knut Reiersrud  
Miks: Ulf Holand  
Mastering: Cutting Room v/Björn Engelmann  
Omslagstekstar: Vidar Berge  
Artwork/tresnitt: Michael Offner  
Grafisk design: Eva Karlsson  
Utgjevar: Ta:lik

Produksjonen er utgjeven med støtte frå:  
Fond for lyd og bilde, Fond for utøvende kunstnere,  
Ungdomsfondet i Sør-Trøndelag, Frifond, Kulturrådet



NORSK  
KULTURRÅD

booking@sver.biz  
WWW.SVER.BIZ

# KØMMEN FRÅ KONGSVINGER/KONGO

## «EIN HELVETES PEDAGOG»

«Ja, no er eg kømmen heilt frå Kongsvinger,  
har gått heile vegen på ski,  
og med meg har eg ein pols  
som eg lærte av Gammel-Erik då han inntok festningen,  
og han er ikkje akkurat ein tolmodig jævel, kan eg seie deg,  
men denne polsen har han no lært meg  
og no skal du få lære den,  
so hald kjeft og høyr godt etter  
for eg spelar den berre ein gong  
og so er det din tur  
og eg gjentek at den er frå Kongsvinger  
og ikkje Kongo  
og dermed skal spelast som pols  
ikkje som reinlender  
eller kva dei no spelar der nede»

# FOSSEGRIMEN

Fossegrimen  
sit naken på ein stein  
midt i elva  
og gliser breitt:  
«Kom so skal du få lære ein slått!»  
Spelemannen  
stiller fela  
kler av seg  
vassar ut i elva og tenkjer at  
her er det noko som ikkje heilt stemmer.

# GORRLAUS GANGAR

Det er seint om natta  
eller tidleg om morgonen  
veit ikkje heilt  
men rommet snurrar  
spelemannen trampar  
fela et seg inn skallen min og  
eg er sveitt, tørst, galen  
og uendeleg langt frå nærmeste bedehus.

# JONAS' MINNE

det var ein leik  
du fyrste stemma  
eg den andre  
so bytte me rundt  
eg fekk føre  
og kjende eg vaks!

me sat tett  
felene tettare  
tonane kvervla saman  
i eit gneistrande rop  
som bar oss  
fram, opp, forbi!

*det var gull  
det ber eg med.*

# FJOMPEN

Slepp fjompen i deg laus!  
Det bur nemleg ein fjomp i oss alle.  
Og viss du nektar plent,  
skal du vite at  
ein fjomp i lenkjer  
sluttar aldri å vekse.

# ST. CROIX

Det er ikkje å kome fram,  
det er *reisa* som er det store, vert det hevda.  
Men du skal ikkje kome her og seie meg  
at det ikkje er godt å kome fram  
når ein gjerne har segla langt  
i all slags vêr  
i dei same sokkane,  
og alle er glade for å sjå deg  
og kaffien er so nytrekt,  
som det berre er råd å få  
– på St. Croix.

# AKKAR

I overflata ein enkel, maritim vals.  
Ein slik vogge frå side til side, arm i arm.  
Nett høveleg i øyret  
på fjorden  
ein finvêrsdag  
med fiskestong.

Men so vert stonga litt for tung og  
frå det blå djupet kjem  
eit stort vått auge  
som ser deg  
ti lange tentaklar  
som held deg  
Etterkvart vert det vanskeleg å  
løfte foten  
halde takta  
skru på sjarmen  
men ein akkar som vil danse  
ser ikkje på klokka  
i slike heite sommarnetter.



# PANG!

## «INDRE OPPRØR PÅ STANDPlass»

Det er ikkje lett å konsentrere seg.  
Å sikte seg inn  
halde pusten  
vente til rette augneblinken  
medan alle står og ser på.  
Og attmed ligg tjue andre lause kanoner og  
blir sett på  
siktar  
held pusten  
ventar på rette augneblinken.